



Referat styremøte Regionrådet Vest

Mandag 21.Mars 2011 kl. 08.30 – 12.00

Panorama konferansehotell Sund

Til stades:

Varaordfører Siv Høgtun
Ordfører Eli Årdal Berland
Ordfører Ove Bernt Trellevik
Ordfører Olav Martin Vik

Rådmann Steinar Nesse
Rådmann Gerhard Inge Storebø
Rådmann Torgeir Sæter
Fung. rådmann Marit Rinnan
Sekretariatet: Per Hillestad og Dag Thorvaldsen (ref)
Informasjonsrådgjevar Vigney Brekke

Til sak 3/11møtte frå VNR:

Per C. Aarsand
Åge Landro
Reidar Vindenes
Ellen Pedersen
Jan-Rune Skoge
Birger Møvik

Til sak 4/11møtte frå HOG:

Ove Lunde
Nelson Rojas

Forfall: ordfører Knut Hanselmann og rådmann Odd Magne Utkilen

Saksliste:

- Sak 1/11 Innkalling
- Sak 2/11 Referat frå førre møte (Vedlegg)
- Sak 3/11 Vitjing Styret i Vest Næringsråd
- Sak 4/11 Vitjing HOG
- Sak 5/11 Felles ansvar (Vedlegg)
- Sak 6/11 Felles Forlikråd (Vedlegg)
- Sak 7/11 Felles Skattekontor for heile regionen. (Vedlegg)
- Sak 8/11 Betre kommunar gjennom utvida samarbeid
- Sak 9/11 Regionrådet si rolle i større vegprosjekt.
- Sak 10/11 Prosjekt Byggesak (Vedlegg)

Sak 11/11 Meldingar (Vedlegg)

- Samarbeid med BRB vedkommande areal til næringsføremål
- Samhandlingsreforma – seminar
- Regional plan for folkehelsearbeidet i Hordaland – høyring.
- Prosjekt Barnevern

Sak 1/11 Innkalling

Godkjend

Sak 2/11 Referat frå styremøtet 13/12-2010

Godkjend

Sak 3/11 Vitjing Styret i Vest Næringsråd

Dialog mellom Vest Næringsråd sitt styre og Regionrådet Vest:

1. VNR sin strategiske næringsplan for Fjell, Sund og Øygarden, med vekt på Sotrasambandet
2. Samhandling Regionrådet Vest og VNR

Sak 4/11 Vitjing HOG

Presentasjon av dei satsingsområda som HOG prioriterer og av prosjekt innan desse områda.

Sak 5/11 Felles ansvar (Vedlegg)

Regionrådet Vest behandla sluttrapporten frå prosjekt Felles Ansvar den 13.12.2010, og gjorde følgjande vedtak:

Vedtak: det blir i sett gang et felles prosjekt i de 4 kommunane og som blir nemnd – Felles Ansvar. Prosjektet tar med seg tilråding i forprosjekt "Felles Ansvar" og erfaringar frå eigne kommunar. Askøy kommune tar ansvar for å samordne/leie prosjekter. Styret ber om tilbakemelding på framdrift av prosjektet innan 1.kv.2011.

Askøy kommune har satt Ungdomskontakten på oppgåva med å arbeide vidare med Felles ansvar, samt koordinere dette arbeidet med fagmiljøa i de 4 kommunane. Kontakten med bidragsytarar hansamast av Nærings sjefen i Askøy saman med Regionrådet Vest.

Rådmennene handsama saka 14. mars og tilrår dei framlagte dokumenta med fyljande tillegg :

Organiseringa av Felles Ansvar bør skje i 2 trinn:

1. lett organisert – komme raskt i gang
 2. fastare organisering
-
1. Etablere ein SLT koordinator i løpet av sommaren 2011. Myk organisasjonsform kopleit med krav frå givarar (t.d. Gjensidigestiftelsen)
 2. 3 års perspektiv , knytte til seg til ei etablert foreining/organisasjon (t.d. Kirkens Bymisjon eller Røde Kors).

Kommentarar til framlagde vedtekter:

Bør har regler for utmelding og økonomisk nøkkel mellom kommunane.

Inntil vidare vil fagsjefane i dei fire kommunane og ungdomskontakten i Askøy kommune, utgjera ei prosjektgruppe for Felles Ansvar. Det er viktig å kome i gang med nokre små prosjekt, samt arbeide med å finne samarbeidseiningar og å ha kontakt med givarar. Arbeidsgruppa setter opp tiltak, budsjett og framdrift.

Frikjøp av ein ressurs med inntil 50% i 6 md.

Vedtak: Styret sluttar seg til rådmennene si tilråding.

Sak 6/11 Felles Forliksråd (Vedlegg)

Lensmannen har i Politirådet teke til orde for eit felles forliksråd for kommunane i Regionen. Politirådet har slutta seg til at dette vert vurdert.

Bakgrunnen for framlegget er eit skriv frå Politirådet til politimeistrane dagsett 6/5-2010 der det vert peika på domstollova § 27. siste lekken der ordninga med felles forliksråd vert heimla. Jfr. vedlegg.

Som kjent er det Lensmannen som utgjer sekretariatet til forliksråda. Det er i dag forliksråd i kvar einskild kommune. Det vert peika på effektivisering som grunngeving for tiltaket med eit felles Forliksråd.

Det er ei politisk sak i kvar kommune å taka stode til eit slikt tiltak. Det er fordel og ulemper ved ei slik ordning. Den lokale kunnskap/kjennskap i slike saker som nok er ein føremun lyt sikrast ved at kvar kommune er representert i det politiske utvalet.

Saka var til drøfting i rådmannsmøte 14. mars d.å. der det vart gjort tilråding om: Rådmannsgruppa sluttar seg til eitt råd, med ein representantar frå kvar kommune. Møter fordelt mellom kommunane

Vedtak: Styret i Regionrådet Vest ber om at konsekvensane ved eit felles forliksråd vert å utgreia vidare.

Sak 7/11 Felles Skattekontor for heile regionen (Vedlegg)

Det føreligg skriv dagsett 9. februar 2011 frå Kemnerutvalet for kommunane Sund, Fjell og Øygarden der det vert peika på at skattekontoret er i fare for å verta nedlagt grunna besøksfrekvens. Det statlege skattekontoret har lokalisering på Straume i Fjell i nærleiken av Kemnerkontoret og vart etablert som felleskontor for desse kommunane i 2009.

Det vert peika på skattekontoret på Askøy som har eit eige kontor kanskje burde verta vurdert samanslått med kontoret på Straume. Dette kontoret har ein tilsett. Grunnlaget i folkesetnaden vil ved ei eventuell slik løysing verta monaleg styrka. Skrivet frå Kemnerutvalet ligg vedlagt.

Askøy kommune gjennomførte ein kartlegging av publikumskontakt i vekene 43-46 2010. I denne perioden hadde Skatt Vest Askøy 525 besøkande.

Det er staten som styrer organisering og omfang av tenesta.

Vedtak: Rådmannen i Fjell v/ kemnerutvalet utarbeider ei felles sak til politisk handsaming i dei fire kommunane.

Sak 8/11 Betre kommunar gjennom utvida samarbeid

Det er utarbeidd rapportar på dette temaet på bakgrunn av styret si handsaming på seminaret, Bjørnefjorden i Os. Rapportane er under trykking og vert lagt fram på møtet. Rådmannen i Fjell orienterar. Styret vert invitert til å drøfta arbeidsmåte med rapportane.

Vedtak: Rådmannen i Fjell utarbeider eit følgjebrev som inneheld eit ekstrakt av det viktigaste innhaldet. Rapportane og følgjebrev vert sendt til kommunane for vidare handsaming

Sak 9/11 Regionrådet si rolle i større vegprosjekt.

Det er fleire større vegprosjekt i regionen som på fleire måtar er avgjerande for regionen si utvikling og framtid. Naturleg nok har prosjekta sitt tyngdepunkt på ulike stader, men felles for dei er at dei alle er viktige og heilt naudsynte for regionen som heilskap, og i tillegg også for regionen sine naboar.

Prosjekta ha ulik status m.o.t. til tid for gjennomføring og framdrift i planprosess.

Prioritering av vegprosjekt er viktig og sjølvstekt krevjande. Samstundes er vi klår over at ei felles prioritering gjev tyngde og styrke i prosessen fram mot avgjerd. Det er difor naudsynt med prosessar for å sikra felles ståstad og dermed god framdrift.

Lokalisering/val av trase heng sjølvstekt saman med og er ein del av ovannemnde.

Kva rolle kan Regionrådet Vest spela i prosessane fram til røyndom av prosjekta?

Det er fleire områder der regionrådet med stor fordel kan bruka energi på løysingsorientert arbeid. Det være seg finansieringsløysingar, bruk av tyngdeloven i fremjing av prosjekta, vera spydspiss/talerøyr, skapa indre semje om ulike løysingsalternativ, og skapa felles prioritering.

No er det naturleg at 4 kommunar samla vil ha ulik eigarskap til dei ymse prosjekta, og det er også naturleg at den som har størst eigarskap også fremjar saka. Her kan det skje utvikling undervegs og tyngdepunkt kan flytta seg alt etter kor ein er i prosessen – pakkelløysingar på vegprosjekt er døme i denne samanheng.

Likeeins er det høve til engasjement på ulike områder og arenaer på ulike stadier i prosessen.

Det som er viktig i denne samanheng er at eigarkommunen eller eigarkommunane til eit konkret prosjekt er komfortabel med den regien/engasjementet som regionrådet blir invitert til å ta. Dette har samanheng med naturleg politisk engasjement og rollefordeling mellom aktørar og ikkje minst politisk eigarskap/forankring.

Her er også truleg Regionrådet sitt største fortrinn, det å skapa tryggleik og politisk forankring over kommunegrensene. Prosessararbeid i denne samanheng på dei ulike arenaer både administrativt og politisk er overmåte viktig.

Vedtak:

- 1. Regionrådet Vest kan vera pådrivar på vegprosjekta i regionen på fleire områder. Eigarkommunen/ane til prosjektet avgjer kva rolle Rådet til ei kvar tid skal ha.*
- 2. Det å skapa best mogeleg politisk semje og forankring for prosjekta over kommunegrensene er Regionrådet si viktigaste rolle.*

Sak 10/11 Prosjekt byggesak, oppmåling og plan (Vedlegg)

Der er eit ynskje å kartlegge om det er mogleg med eit tettare samarbeid mellom kommunane Askøy, Fjell, Sund og Øygarden med omsyn til handsaming av byggesaker, plansaker og kart- og oppmålingstenester.

Presset på byggesaksavdelingane i dei fire kommunane er ulikt, og varierer over tid. Det kan være hensiktsmessig å inngå eit samarbeid for å betre den samla kapasitetsutnyttinga og redusere behandlingstid til beste for regionens innbyggjarar og næringsliv.

Alle disse saksområda er underlagt eit stort omfang av politisk kontroll, og det er viktig å få fram løysningar som tek omsyn til dei politiske sidene samtidig som utnyttinga av kapasitet og spesialkompetanse i avdelingane blir optimal.

Ein annen utfordring som må løysast i prosjektet er systemporteføljen. Dei fire kommunane har ulike fagsystem og støttesystem/arkiv. Dei ulike løysningane for samarbeid vil kunne sette krav til systemfellesskap. Avklare dette mot IKT-prosjektet og KARTikus.

Prosjektet har som mål å utrede realistiske løysningar i spennet frå lite til full integrering av sakshandsaminga i regionen. For å komme fram til felles løysningar, må ein rekne med ein betydelig innsats frå fagmiljøa i dei fire kommunane.

Det er ønskelig å engasjere konsulenthjelp for å lede utredningsarbeidet for å få nødvendig kompetanse til å gjennomføre eit så komplekst arbeid, samt for å ivareta objektivitet.

Fjell kommune fikk juli 2010 tilsegn på 400 000 til prosjektstøtte frå Fylkesmannen. Januar 2011 ble det nedsett ein arbeidsgruppe av leiarane for tenesteområda i Askøy, Fjell, Sund og Øygarden kommunar, med sekretariatet i RRV som koordinator. Arbeidsgruppa har hatt tre møter. Arbeidsgruppa legg nå fram ein prosjektomtale/mandat til eit forprosjekt for handsaming i Regionrådet Vest.

Vedtak: Det vert etablert eit forprosjekt slik det går fram av vedlegget. Fjell kommune får ansvar for å tilsetje prosjektleiar.

Sak 11/11 Meldingar

- Samarbeid med BRB vedkomande areal til næringsføremål. Bård Sandal er oppnemnd som representanten for RRV i samarbeid med Gode Sirkler. Bård Sandal treng ein kontaktperson i kvar kommune.
- Samhandlingsreforma – seminar
Styret slutar seg til prinsippet. Rådmannen i Fjell har samordningsansvaret.
- Regional plan for folkehelsearbeidet i Hordaland – høyring.
- Prosjekt Barnevern